

Demenskoordinator

Kartlegging, utgreiing og oppfølging



Trygg og framtidsretta
time.kommune.no



Time kommune

Demenskoordinator skal fungera som bindeledd mellom personar med demens, deira pårørande og dei ulike delane av tenestene. Demenskoordinator er leiar for hukommelsesteamet.

Hukommelsesteamet er ei tverrfagleg samansett gruppe som samarbeider med den det gjeld, pårørande og fastlegen. Me bistår med kartlegging/utgreiing av demens i heimen. Teamet består av demenskoordinator, ergoterapeut og hjelpepleiar.

Bekymrar du deg for nokon som står deg nær?

Ser du teikn på at dei:

- gløymer nylege hendingar
- gjentar seg sjølv
- er forvirra på tid og stad
- har problem med å kjenna igjen folk
- gløymer innlærte ferdigheiter
- har fått forsterka personlegdomstrekk

Lurer du på kva du skal gjera?

Ta kontakt med fastlegen til den du er bekymra for. Fastlegen vil visa dykk til hukommelsesteamet dersom det er behov for kartlegging og utgreiing.

Hukommelsesteamet kan:

- lytta til deg og familien din
- kartlegga og utgreia i samarbeid med fastlegen
- gje råd og rettleiing
- finna praktiske løysingar i kvardagen, inkludert hjelpemidlar og ulike velferdsteknologiske løysingar
- informera om aktuelle tilbod og tenester
- setta deg/dykk i kontakt med saksbehandlar ved Teneste- og samordningskontoret i kommunen





Har du nylig fått demensdiagnose?

Då kan du eller dine pårørende kontakta demenskoordinator.

Oppfølging etter demensdiagnose er tenesta vår som tilbyr:

- fast kontaktperson
- oppfølging, med fokus på tidlig innsats, etter at diagnose er sett
- erfaring og kunnskap om demens
- avlasta pårørende og hjelpa til at kvardagsproblema ikkje rekk å verta uløyselege
- styrka deg og dine pårørende si evne til å handtera den nye livssituasjonen dykkar

Demenskoordinator er også ansvarleg for:

Brukar og pårørandeskule: vert arrangert årleg og har fokus på å gje informasjon, råd og rettleiing om sjukdommen. Du får også møta andre i same situasjon.

Samtalegrupper: eit tilbod om støtte gjennom å møta andre i same situasjon.

Aktivitetsvenn: dobbel glede ved å gjera noko saman.

**Ønsker du meir informasjon,
ta kontakt med demenskoordinator:**

Tlf. 51 77 60 87 eller 904 07 110

Besøksadresse: Sivdamheimen 1. etasje, Røyrvika 12
mandag–fredag kl. 07.30-15.00.

e-post: demenskoordinator@time.kommune.no

Teneste- og samordningskontoret kan de kontakta på
telefon 476 08 160
mandag-fredag kl. 07.30-15.00.

Anna informasjon

www.nasjonalforeningen.no/demens

www.demensinfo.no

www.aldringoghelse.no

www.parorendesenteret.no

www.hvakanhjelp.no

Demenslinjen tlf. 23 12 00 40